

MASFJORDEN KOMMUNE
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNESDato: 06.04.2017
Vår ref.: 2017/1282-11
Saksbehandlar: hanglop1
Dykkar ref.:**TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND****Tilsegn om tilskot på inntil kr 266 000 til Utbygging av breiband til Giljane/Skjelsundet i Masfjorden kommune (Tilsegn-040-2017)**

Vi viser til søknaden dykkar med prosjektplan, datert 31.01.2017, om tilskot til ovannemnde prosjekt. Det er med glede vi kan melde at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 266 000 til prosjektet. Løyvinga er heimla i fylkesutvalet 30.03.2017, der det i sak PS 84/2017 vart vedtatt slik fordeling av tilskot til utbygging av infrastruktur for breiband:

- Masfjorden, Reknes – 315 000 kr
- Masfjorden, Giljane – 266 000 kr
- Samnanger, Rolvsvåg Saga – 1 000 000 kr
- Vaksdal – 1 419 000 kr

For at tilsegna skal vere gyldig må de signere og returnere vedlagte standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for å gjennomføra prosjektet som planlagt. Tilsegna gjeld til 31.12.2018. Eventuell søknad om forlenging av tilsegna må sendast sakshandsamar før denne dato.

1. Prosjektgrunnlag**Bakgrunn**

Masfjorden kommune er ein av kommunane i Hordaland som har dårlegast dekningsgrad når det gjeld breiband med grunnleggjande god kvalitet (breiband med høg hastigheit) til husstandar. Området Giljane og Skjelsundet består av mange relativt nye bustader, og det er nyleg godkjent eit mindre bustadfelt med fem nye bustadtomter her. Det er difor viktig for Masfjorden kommune å leggja til rette for at område som ikkje kom med i den første runden med NKOM midlar, også får eit tilbod. På denne staden er det og eit stort lokalt engasjement til å få på plass breidband. og Masfjorden kommune ønskjer å bidra til realiseringa.

Prosjekt mål

Målet er å få fram breidband i form av høghastighetsfiber til to mindre bustadfelt, og til eit området som er under utvikling med fem nye bustader i løpet av 2017/2018. Målet er at til saman 28 bustader vil få fiber i løpet av prosjektperioden.

Aktivitet/Tidsplan

1. Sende inn søknad om tilskot 31.01.2017
2. Sende ut dokument for innhenting av tilbod 31. mai 2017
3. Gjere avtaler om utbygging med føretak 30. juli 2017
4. Orientering og møte med innbyggjarar i løpet av september 2017.
5. Utbygging av fiber i perioden november 2017 til 1.mai 2018
6. Ferdigstilling med sluttrekneskap innan 01.05.2018

Organisering

Prosjekteigar: Masfjorden kommune
Organisasjonsnr.: 945627913

Prosjektleiari: Sveinung Toft
Epost: sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Prosjektorganisering:

Masfjorden kommune er prosjekteigar og står som anskaffar av breidband fram til området. Sveinung Toft er både prosjektansvarleg og ansvarleg for oppfølging av prosjektet. Han er også kontaktperson. Eiga arbeidsgruppe vert oppnemnt av rådmannen når prosjektet skal realiserast.

Samarbeidspartnarar:

Innbyggjarar i bustadfeltet .Kontaktperson Kent Remy Berge Kvamsdal
Telenor i høve til framtidig drift og som kvalitetsikrar.

2. Godkjende kostnader og godkjend finansieringsplan**Løyvd beløp:** 266 000**Søknadsbeløp:** 266 000**Godkjend kostnadsplan**

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
01.Personalkost	100 000	50 000				150 000
03.Utstyr	100 000	200 000				300 000
Bygging	100 000	200 000				300 000
Prosjektering	50 000					50 000
Sum kostnad	350 000	450 000				800 000

Godkjend finansieringsplan

Tittel	2017	2018	2019	2020	2021	SUM
Regionale utviklingsprosjekt Hordaland	266 000					266 000
Tilskot Masfjorden kommune og partnarar	84 000	450 000				534 000
Sum finansiering	350 000	450 000				800 000

3. Vilkår for tilskotet**Generelle vilkår:**

- Større endringar i prosjektplanen, derunder endringar i budsjett eller finansieringsplan, skal etter søknad frå tilsegnsmottakar godkjennast av fylkeskommunen. Søknaden må vere signert av prosjekteigar.
- Føresetnaden for fylkeskommunen si løyving er at prosjektet vert finansierte slik godkjend finansieringsplan ovanfor viser. Fylkeskommunen sin finansieringsdel kan dekkja **inntil 33,3 %** av dei godkjende kostnader.
- Prosjektet må gjennomførast i samsvar med innsendt søknad. Om dette kravet ikkje er oppfylt, kan tilskotet bli skjønsmessig avkorta.

Profilering

- I alle presentasjonar av, og orienteringar om prosjektet, pliktar tilsegnsmottakar å informere tydeleg om at prosjektet er delfinansiert av Hordaland fylkeskommune.
Retningsliner for profilering av Hordaland fylkeskommune; www.hordaland.no/profil

Delutbetaling

- Tilsegnsmottakar kan oppmode om delutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Oppmodinga må innehalde statusrapportering og kostnadsrapport over akkumulerte kostnader (last opp relevante vedlegg).
- Delutbetaling vil verte gjort i høve til godkjend kostnadsprosent på **33,3 % av akkumulerte kostnader**, maksimalt inntil 75 % av løyvd beløp på kr 266 000. Resterande beløp vert utbetalt ved prosjektavslutning, sjå neste avsnitt.

Prosjektavslutning og sluttutbetaling

- Straks prosjektet er avslutta skal tilsegnsmottakaren rapportere og sende oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no under «Ny utbetaling».
- I samband med oppmoding om sluttutbetaling skal det fyllast ut ein sluttrapport og kostnadsrapport. Dette må skje seinast innan 31.12.2018.
- Statsautorisert- eller registrert revisor skal attestere sluttrekneskapen for tilsegn over kr 100 000.
- I tillegg skal signert *Sluttrekneskap for prosjektet* lastas opp som vedlegg til oppmoding om sluttutbetaling gjennom www.regionalforvaltning.no. Dette gjev formelt grunnlag for endeleg utbetaling av tilsegna.
- Tilsegnsmottakaren har ansvar for å kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Eventuelt for mykje utbetalt tilskot skal betalast attende snarast.

Kontroll

Fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor har når som helst rett til å kontrollere at midlane vert forvalta i samsvar med vilkåra i tilsegna. Vi gjer merksam på at de pliktar å gje fylkeskommunen og fylkeskommunen sin revisor dei opplysningane dei finn påkravd for sin kontroll. Vi gjer vidare merksam på at i medhald av §10 i løyvingsreglementet og §12 i lov om Riksrevisjonen, kan Kommunal- og regionaldepartementet og Riksrevisjonen setje i verk kontroll med at midlane vert nytta som føresett.

Klage / innsyn i dokumenta

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen.

Klagen må innehalde opplysningar om kva vedtak som det vert klaga på, og dei grunnar som klagen støttar seg til.

Vi gjer merksam på at de etter Forvaltningslova har rett til å gjere dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Kontaktperson

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen Epost: hans.inge.gloppen@hfk.no Telefon: 97414040

Vi ynskjer dykk lukke til med gjennomføringa av prosjektet.

Med helsing

Bård Sandal
fylkesdirektør Regional utvikling

Jostein Farestveit
Fung. næringssjef

Vedlegg: Standardvilkår og Sluttrekneskapsskjema

Vi ber om at de signerer og returnerer følgjande standardvilkår innan 2 veker etter at tilsegnsbrevet er motteke. Dette som ei stadfesting på at de har lest og akseptert vilkåra for løyvinga, og at de tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Standardvilkår for TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND for Hordaland

Prosjektnamn: Utbygging av breidband til Giljane/Skjelsundet i Masfjorden kommune
Tilsegnsnr.: Tilsegn-040-2017 **Løyvd beløp:** 266 000
Vår ref. (arkiv): 2017/1282

Følgjande kontrollerast av tilsegnsmottakar:

Tilsegnsmottakar: Masfjorden kommune

Postadresse: Austfjordvegen 2724,
5981 MASFJORDNES

Org.nr.: 945627913

Kontaktperson: Sveinung Toft

Telefon: 56626218 **Mobil:** 40924790

E-post: sveinung.toft@masfjorden.kommune.no

Sakshandsamar

Hordaland fylkeskommune sin kontaktperson og sakshandsamar for dette prosjektet er;

Hans Inge Gloppen
E-post: hans.inge.gloppen@hfk.no
Telefon: 97414040

Vi stadfester med dette at vi har lest tilsegnsbrevet og aksepterer vilkåra for løyvinga, samt tek ansvar for at prosjektet vert gjennomført etter planen.

Signert standardvilkår av prosjekteigar:

Stad: Dato:

Signatur prosjekteigar:

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen

TILSKOT TIL UTBYGGING AV BREIBAND I HORDALAND SLUTTREKNESKAPSSKJEMA

Prosjektnamn: **Utbygging av breidband til Giljane/Skjelsundet i Masfjorden**

Tilsegnsnr. Tilsegn-040-2017 **Tilskot inntil kr** 266 000

Vår ref.: 2017/1282

Fyllast ut av tilseingsmottakar:

Org.nr. _____ Konto.nr.bank/post _____

Namn: _____

Postadresse: _____

Kontaktperson: _____

Telefon/telefaks: _____ E-postadresse: _____

SLUTTREKNESKAP:

Rekneskapan under skal setjast opp etter same oppsett som er nytta for budsjett

(jf. pkt.2 i tilsegnsbrevet).

Kostnader:			Finansieringsplan:		
Budsjettpost	Rekneskap	Budsjett	Kjelde:	Sluttfinansiering	Budsjett
			Breiband		

Godkjent av prosjektleiar: _____

dato

signatur og stempel

Godkjent av prosjektansvarleg: _____

dato

signatur og stempel

ATTESTASJON AV REVISOR. GJELD BERRE FOR TILSEGN OVER KR 100 000,-.

Føremålet med revisor sitt arbeid og rapportering for prosjektet, er å stadfeste økonomisk informasjon registrert i sluttrekneskapan. Revisor skal utføre kontrollar som gjev tilsegnsytar ei forvissing om at inntektene/ finansieringa og kostnadane i prosjektet er fullstendige og reelle, dokumenterte og korrekt registrerte i rekneskap/ prosjektrekneskap. Tilskotsmottakarar som ikkje er revisjonspliktige, kan få rekneskapan attestert av autorisert rekneskapsfører.

Avtalte kontrollhandlingar opp mot sluttrekneskapan for prosjektet er gjennomført.

Godkjent av revisor/ rekneskapsfører: _____

dato

signatur og stempel

Returadresse: Hordaland fylkeskommune, Regionalavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen